

Velkommen

# Til deg som skal innleggast for keisersnitt ved Volda sjukehus

## Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Fødeavdeling: 70 05 83 61  
Barselavdeling: 70 05 83 61  
Avdelingsjordmor: 70 05 83 48  
Ammepoliklinikk: 70 05 83 61

For meir informasjon sjå internettsidene:  
[www.helse-sunnmore.no](http://www.helse-sunnmore.no)  
[www.ammehjelpen.no](http://www.ammehjelpen.no)

Til deg som skal innleggast for keisersnitt

# Informasjon

## Ved innlegging

Du møter til avtalt tid direkte i fødeavdelinga (3.etg.), der vil jordmor ta imot deg og gi informasjon om det planlagte keisersnittet. Du får og samtale med lege frå anesthesiavdelinga og lege frå fødeavdelinga.

Du må ta med Helsekort for gravide, ultralydskjema, blodprøvesvar og eventuelt andre aktuelle opplysningar knytta til svangerskapet. Dersom du brukar medisinar må alle takast med til sjukehuset. Det kan og vere greit å ha med morgenkåpe, behageleg tøy, innesko og toalettsaker. Førebuingar som t.d blodprøvetaking, barbering og klyster vert gjort i avdelinga.

HUSK å faste frå midnatt kvelden før operasjonen. Far/partnar er velkommen til å følge deg under og etter inngrepet.

Pengar og verdisaker tek du med på eige ansvar. Sjukehuset er i dei fleste høve ikkje ansvarleg for pasienten sine verdisaker eller pengar. Vi har nokre låsbare skap som kan nyttast ved behov.

Far og søsken er velkomen i barselavdelinga.

## Etter keisersnittet

Dei første timane etter operasjonen vert du liggande til observasjon ved intensivavdelinga (2.etg.). Barnet kan du ha hos deg så snart du ønsker det, også ved intensivavdelinga. Tidleg hud mot hud kontakt med barnet har høg prioritet, og vil vere stimulerande for ammeprosessen.

Eter få timar vert du flytta til barselavdelinga. Her tilbyr vi veiledning/støtte til amming og oppfølging etter operasjonen. Dei fleste er i avdelinga 3-4 døgn etter keisersnitt. Før heimreise vil du få tilbud om utreisesamtale med jordmor.

Etter heimreise kan du om behov kontakte avdelinga (Tlf: 70 05 83 61).

Under opphaldet kan du bruke eigen mobiltelefon.

Parkering skjer på tilviste plassar ved sjukehuset.



